

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - X56, TI - &13	15/446

Saknr	Utval	Type	Dato
062/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015
046/2015	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Høyring - framlegg om endring av heilagdagslova - søndagsopne butikkar

Vedlegg:

Høringsnotat-søndagsåpne butikker - 27.mars 2015 (L)(1055368)

Høring - forslag om endringer i helligdagsloven - søndagsopne butikkar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Kulturdepartementet har i brev av 27.03.2015 sendt ut på høyring framlegg om endring av heilagdagslova, for å tillata søndagsopne butikkar. I framlegget vert det opna for at butikkar kan halda opent på vanlege søndagar, og for høgtidsdagane påskeaften, pinseafarten og julafoten til klokka 16.00.

I framlegget er det og teke med eit anna alternativ , der kvar kommune sjølv skal kunna ta stilling om det skal vera søndagsope butikkar eller ikkje. Det vert vist til vedlagde dokument for nærmare detaljering og utgreiling.

Vurdering

Administrasjonen viser til at dette er ei høyringsak, og at denne saka først og fremst er av politisk karakter, noko som gjer at ein legg saka fram utan tilråding. Frist for høyringa er sett til 30.juni.

Formannskapet - 062/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF la fram følgjande framlegg til vedtak:

Framlegg til høyringsuttale om endring av heilagdagslova – søndagsopne butikkar frå Masfjorden KrF:

Til primærframlegget:

"Masfjorden kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav."

Til sekundærframlegget:

"Masfjorden kommune tilrår ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vera lik for alle kommunar."

Røysting:

Framlegg til vedtak frå KrF vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Til primærframlegget:

"**Masfjorden kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav.**"

Til sekundærframlegget:

"**Masfjorden kommune tilrår ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vera lik for alle kommunar.**"

Kommunestyret - 046/2015

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Janne Judith Sandnes, Frp la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune støttar regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune tilrår at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at

lovregulering på området skal styrast lokalt.

Formannskapen sitt framlegg og Frp sitt framlegg til vedtak vart røysta opp mot kvarandre.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart vedteke mot 2 stemmer (Frp).

KS - vedtak:

Til primærframlegget:

"Masfjorden kommune støttar ikkje regjeringa sitt framlegg til endringar i heilagdagslova som opnar for søndagsopne butikkar, og som er gjort greie for i høyringsnotat 15/1432 datert 27.03.15. Masfjorden kommune vil at ein opprettheld gjeldande lovkrav."

Til sekundærframlegget:

"Masfjorden kommune tilrår ikkje at ansvar for å bestemme utvida opningstid for utsalsstader med omsyn til §5 i heilagdagslova vert overført til kommunane. Masfjorden kommune vil at lovregulering på området skal styrast sentralt og vera lik for alle kommunar."